

Halvårsplan vinter-vår -99

Arrangement	Dato	Måned	Ansvarleg
Årsfest	22.	jan.	John Inge, Gun Tove, Laila, Birthe, Roar St.
Øvingshelg	4.5.6.	febr.	Johan
NM brass Bergen	11.12.13	febr.	Johan

Årsfestnytt

Lørdag er alt klart til årsfest i Turnhallen i Måløy. Leiar i festkomiteén, John-Inge Våge seier komiteen har måtta skru litt opp på prisen på grunn av uforutsette kostnader. Festen vil koste 225 kroner i staden for 199 som tidlegare annonsert. Det blir og sett opp buss frå Oppedal kl. 19.15 og retur etter festen. Her må dei som skal vere med betale bussbillett. Omlag hundre er påmeldt, og men endå kan det vere plass til nokre «slengarar» om nokon skulle ha interesse.

Skal møte kongen

Tirsdag
19.
januar
skal
Arne



Torskangerpoll møte Hans Majestet Kong Harald på det norske slottet. Arne skal her få takke for kongens fortjenestemedalje som han fekk tildelt i fjor haust. Arne får ha med seg kona, Aasta inn til kongen.

Lukke til i 2000

Tipp og vinn

Kva er livretten til Birthe Kråkenes?

Send svaret til:

Vredens Gnag

Vågsvåg
6700 MÅLØY

Rett svar sist

Kva instrument spelar Trond Viggo Gravdal?

Rett svar:

Tuba

Ingen klarte oppgåva denne gongen

Vredens Gnag

Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 1

7. årgang

Laussal: Gratis

Januar 2000

Stormande jubileum

Så har det blitt 2000. Og det betyr blant anna at Torskangerpoll Musikklag er åtti år. Litt av ein alder. Deltaking i 2. divisjon NM og ny stormfestival til hausten er litt av det som skjer i jubileumsåret. I desse dagar er det fullt opp med øving fram mot 2. helga i februar då Torskangerpoll Musikklag skal spele Resurgam i Grieghallen i Bergen. Fredag 11. februar blir ein stor dag. For første gong skal eit korps frå Nordfjord vere med i 2. divisjon brass i Bergen. Målet er å spele best mogeleg, så får plasseringa bli som den blir, seier dirigent, Eirik Gjerdevik. Det er sendt ut 400 stormfestivalinvitasjonar til korps i sør-Norge. 8. 9. og 10. september håpar vi det blir det liv og røre i Torskangerpoll.



Glimt frå tidlegare stormfestivalar

Tips Vredens Gnag TLF: 57 85 44 64 Fax 57 85 0872

E-mail: «erlingw@sf.telia.no»

Heimeside: <http://home.telia.no/t.poll/>

Den besværlige hårveksten

Menn (og også en og annen kvinne) utsettes for mye rart og urettferdig etter hvert som de blir eldre. Blant annet faller håret av der de trenger det, og begynner å vokse der der absolutt ikke vil ha det. Her er noen eksempler på lumske områder hårveksten erobrer med alderen.

1: I ørene (Hva skal vi med hår der, da? Bestemor, hvorfor har du så mye hår i ørene? Det er for at jeg skal se enda skumlere ut, barnet mitt.)

2: I neseborene. (Kaptein Vom-syndromet.)

3: På nesetippen. (Ikke heldig, slettes ikke heldig. Direkte frastøtende i kombinasjon med vorte.)

4: På skuldrene. (Av alle steder.)

5: På overarmene. (Ødelegger effekten av biceps-fremvisningen.)

6: På ryggen. (Gorilla-syndromet, særlig lekkert i kombinasjon med bitteliten badebukse.)

7: Mellom tennene. (Bruk lue neste gang du lager mat.)

8: I suppen. (Mest vanlig på film og TV, og er da tydeligvis plassert der med vilje for å danne utgangspunkt for en god og rammende replikk.)

9: På bilen. (Egentlig positivt, derav uttrykket "en hårete bil", men på minussiden finner man bl.a. Opel Kadett med kinnskjegg som er veldig vanlig i Østerdalen.)

10: I badesluket. (Populært kalt dødsstøtet.)

Spør Ivar

Hva menes med legende?

Svar: Opprinnelig betydde det en helgenhistorie, helgensagn, men med ordet legende nå, mener man sladder som har nådd alder og verdighet.

Ka er ein musikal?

Svar: Det er et teaterstykke der teksten er så intetsigende at den må synges for at folk skal gidde høre på den.

Hva er en akademiker?

Svar: Det er en person som ifører seg snekkerbukse for å slå inn en spiker.

Hva er en kommunist?

Svar: Det er en som eier ingenting, og forlanger å dele dette med resten av verden.

Hva er en vegetarianer?

Svar: Det er mennesker som hevder at de ikke spiser kjøtt fordi de er glad i dyrene, samtidig som de spiser opp maten deres.

Ka meines med

«levekostnadsindeks»?

Svar: Det er en liste over tall som skal overbevise oss om at høye priser egentlig ikke er så høye.

Har du spørsmål? Kontakt Ivar T.

Månedens portrett: Birthe Kråkenes

Navn: Birthe Kråkenes
Adresse: Røysa på Raudeberg
Sivilstatus: Enslig
Favorittmat: Biff med sjokoladepudding
Hobby: musikk, jobbing og bilkøyring

17. september 1981 såg vår kjære Birthe dagens lys. Ho tok til på livets veg med følgende utsegn; "Ballje, ka svolta eg e!!!". Dette viste seg seinare å bli Birthe sitt livsmotto, då ho et heile tida. Altfor lenge sugde ho på tommelen, noko som førte til konstant heimlengsel, uvisst av kva grunn. Då ho vart åtte mista ho for ei periode den intense matlysta, og tok til å utøve sine kunstneriske evner. Denne gangen i form av ein kornett. Herr og Fru Kråkenes såg med glede på denne fascinerande utviklinga til den eldste dottera. Ho spela kornett i Raudeberg Skulemusikk i eit år. Sidan byrja ho på baryton, men dette fall ikkje heilt i smak. Det som gjorde utslaget var euphoniumen, som ho fortsatt legg sin elsk på. Ho byrja i NUK i 1996, og same året tok ho til i Torskangerpoll Musikklag og då fekk livet nye dimensjonar. Endeleg skjønnte ho kva musikk verkeleg innebar. Ho glei raskt inn i gjengen.

Av natur er Birthe som kjent ganske vimsete. Ho har det med å legge igjen ting over alt. Eit godt døme på det er då ho skulle på skitur med klassa. Den godaste Birthe presterte å legge igjen slalåmstøvlane heime. Vi ser dette som eit ganske vesentleg moment. Gratulerer Birthe! Då Birthe var lita jente gjekk det litt for fort

avgarde då ho la ut på langtur med ein heimesnikra Olabil. Den ville ferda enda utfor ein mur og opp i grein nr 5 frå høgare på ei stikkelsbærbusk. "AAOOO!"uttala Birthe seg seinare om saken. Men det som likevel stakk mest var stoltheita. Nok om det.

Birthe er ei populær jente i sin omgangskrets, og vennane sine set ho høgt. Birthe er ei aktiv pådrivar i samfunnet. Ho passar ungar, er leksehjelp, og er kassadame på Joker. I tillegg til alt dette held ho og på med oppkøyringa til lappen. Ho ser lyst på livet, og stiller seg ofte spørsmålet;

"Kva ville eg gjort utan det?" Birthe er ei filosofisk sjel, som meir enn ein gong om dagen undrar seg over kor det vart av den rosa badeballen ho hadde som barn, eller om ho nokon gong kjem til å bli gift. Birthe føler ofte at livet står stille, og for å få litt action i livet, lurar ho no og då på å ta fram den gamle Olabilen. Men ho har stikkelsbærbuskene friskt i minne, så det vil nok ta si tid før ho overvinner frykta og kan gjenoppleve Olabil-turane. Birthe går i tredje klasse og er snart russ. Ein raud russ sådan. Vokt eder våren-OO, då Birthe aktar

å slå ut håret og la hemningane få fritt utlaup etter tre lange år ved Måløy Vidaregåande skule. Elles skal det nemnast at Birthe er den stolte eigar av ein skog med tørka roser. Vidare er ho ei særst blid og hyggeleg ung dame, som vi er veldig glad i.

